

★ Eg må halde meg i trim. Aldersheim ville vere som i arresten, tykkjer Nils Austnes.

(Foto: Knut Enstad)

Syskrin, skamlar og leikehus:

Bestillingane strøymmer på til Nils (97)

– Nei, eg trur ikkje kveite frå Amerika, ris frå India eller kaffi frå Sør-Amerika gjer godt for helsa. Eg vil helst ha mat frå heimetraktene, produkt som har pusta inn den same lufta som eg sjølv.

Det er berre så vidt 97-åringen Nils Austnes på Haramsøy tek seg tid å kikke opp frå arbeidet når Sunnmørsposten prøver å lure ut av han korleis det er råd å halde seg så rørig i slik ein respektabel alder. Sidan før første verdskrigen har han drive trelasthandel på Austnes, men i dei siste åra har han kasta seg over produksjon av leikehus, skamlar, syskrin og leikevogger.

– Men eg lagar berre på bestilling og tinga blir ikkje selde i butikk. Så slepp eg å rekne moms, ler Nils.

– Men det er vel ikkje for pengane du gjer dette?

– Nei, pensjonen kjem enten eg vil eller ikkje. Men det er viktig å halde seg i trim. Både hjerna og musklane må brukast om ikkje dei skal siøvast og stivne til.

Nils svingar foten laust og ledig for å vise at han meiner alvor.

– Eg kunne ikkje tenkje meg å sitje roleg på ein stol på ein aldersheim og berre stire rett framfor meg. Nei, det ville vere som i arresten.

Vi møtte Nils i verkstaden hans like etter middagstid. Men den karen søv ikkje lenge midt på dagen.

– Sove middag gjer eg ikkje, men kvile ei lita stund det må eg.

Nils arbeider fast i verkstaden. Står opp mellom sju og halv åtte kvar morgon. Heilt sidan 1913 har han drive med trelasthandel, men no har sonen teke over dette.

– Korleis kom du inn i denne bransjen?

– Fordi eg var sjøsjuk. Far min sa at ettersom eg ikkje kunne vere på sjøen, måtte eg lære meg eit handverk. Difor tok eg til på Holmøyane Arbeidsskule i Nordfjord og gjekk der vinteren 1902–03, fortel Nils.


Framleis har han i bruk to av høvlane som han laga i Holmøyane. Nils Austnes fortel ivrig om kva kunst skikkeleg handarbeid eigentleg er. Om seg sjølv vil han ikkje fortelje, men er full av ros over nordfjordingane som i slutten av førre hundreåret kom til Austnes for å bygge nye hus. Dei har vi mykje å lære av, seier han. Ikkje for det, Nils er av nordfjordslekt sjølv, opphavelig frå Bolstad i Stryn.

Viktig å halde hjerna i trim, sa Nils. Det gjer han tydelegvis ikkje berre med handverket sitt. Kvar dag les han sin Sunnmørspost og Vårt Land som han har halde sidan starten. Nils har føtene planta på trygg kristeleg grunn, og i 25 år tok han sin tørn i Austnes-kyrkja, mellom anna som kyrkjetenar.

I det siste har Nils Austnes vore svært oppteken av ein heilt spesiell tanke.

– Ja, eg synest det måtte vere fint om vi i Haram kunne få eit hefte der det blir fortalt om særskilde hendingar i dei par tusen åra det har budd folk her. Sjølv har eg tatt til å notere ned ein del av dette, og eg har nemnt tanken for fleire andre, og dette vil eg gjerne arbeide vidare med. Eit slikt hefte kunne vere til god nytte for turistar og andre som kjem til Haram, meiner Nils Austnes.

Nye tankar, nye produkt frå verkstaden, men ingen store



★ Nils med eitt av produkta frå verks

ord frå Nils sjølv. Oppteken av å ha det trygt kring seg. Faste meiningar, som til dømes:

– Brennevin smakar og ikkje, men heimelaga øl brukte vi mykje før i tida. . . .

Og med s plikk:

– I Sunn ja, de får vel er visst ikkje eg enn dei

97-årige Nils Austnes: Dagleg trim med høvelen



På Austnes i Haram arbeider 97-åringen Nils Austnes dagleg i treverkstaden sin. Resultatet er leikehus, syskrin, skamlar og vogger, og Nils veit ikkje til å greie alle bestillingane. Men denne heidersmannen frå Haram har også andre interesser. No har han teke initiativet til å få gitt ut eit hefte om store og små hendingar i Haram opp gjennom historia.

Forklaringa på vitaliteten? Dagleg trim for både hjerne og musklar, seier Nils.

På biletet ser vi Nils Austnes med ein av høvlane som han laga på Holmøy Arbeidsskule for 78 år sidan.